

# Folkemøte kommuneplanen sin arealdel

## Referat

<b>Møtedato:</b>	30.01.2023	<b>Møtestad:</b>	Viksdalen skule
<b>Til stades:</b>	85 personar		

<b>Møteleiar:</b>	Kommunedirektør Terje Heggheim
-------------------	--------------------------------

**Ordførar Jenny Følling** ynskja velkomen til folkemøte. Viktig å få på plass ein arealplan for heile kommunen. I dag er det ulike planar med ulike reglar. Det har vert eit stort engasjement kring arealdelen, med mange innspel til planoppstart. Håpar no at de nyttar høve til å komme med merknadar til planforslaget. Oppfordring om å nytte nærmiljøråda som kommunen oppretta i samband med kommunesamanslåinga, der særleg Viksdalen nærmiljøråd utmerkar seg som ein viktig lokal aktør for utvikling.

**Kommunedirektør Terje Heggheim** tok ordet som møteleiar. Orienterte også om forholdet mellom arealplanens planforslag og vindkraft, og at ny arealdel ikkje har tatt stilling til slike tiltak – då arealdelen må forholde seg til gjeldande lovverk, sjølv om kommunen kjenner til at det går føre seg ein prosess med endring av energilova og plan- og bygningslova. Informerte om at det vert hold eit eige folkemøte om dette tema i starten av mars, informasjon vil bli sendt ut så snart.

### **Leiar i Nærmiljørådet i Viksdalen Torstein Hatlestad**

Orienterte kort om Viksdalen nærmiljøråd, og om prosjekt som nærmiljørådet har- og har planar om å gjennomføre i tida framover.

### **Del 1 - Presentasjon av kommuneplanen sin arealdel**

Patrick Langeland presenterte prosessen fram til no og generelt om innhaldet i kommuneplanen sin arealdel (KPA).

Han snakka om kommuneplansystemet og arealstrategien med 12 punkt som er grunnleggande for KPA. Plan legg opp til folketalsvekst og berekraftig utvikling. Viktige tema i planen er plassering av nye bustadformål. Offentleg og privat tenesteyting, handel og næring. Omsyn til natur, kultur og fulldyrka jord. Korleis skal denne planen følgje opp samfunnsdelen og bidra til å nå FN sine berekraftsmål. Vi

har ikkje fått plass til alt i denne planen, men den skal rullerast og då kan vi vurdere nye innspel. Det har vore stort engasjement og det kom fleire innspel frå Viksdalen ved oppstart av planen. Alle forslaga har vore vurdert og «sila» etter kriteria fastsett av formannskapet. Det som kom gjennom «sila» er konsekvensvurdert (KU) og risiko og sårbarheitsvurdert (ROS). Plankart og føresegner er juridisk bindande. Alle kan kome med merknader til planen innan **fristen 28. februar.**

Skjema til merknad finn de her:

<https://skjema.onacos.no/sunnfjord/prod/dialogue/SUN0065/?arkivsak=23/65>

Sjå heile presentasjonen i vedlegget.

### **Del 1 – Spørsmål og diskusjon**

**Spørsmål Mathias Råheim:** Referer til eit bustadareal i Viksdalen som er tatt, der grendelaget har brukt fleire titalskroner på å etablere.

**Svar Odd Harry Strømsli (OHS):** Om det er snakk om ein eldre reguleringsplan som er over 10 år gamal, der det ikkje har skjedd noko utvikling, må den truleg uansett utarbeidast på nytt – med vurdering av ny kunnskap osv. Ein kan vurdere å ta det inn som LNF spreidd. Send det inn som eit innspel så skal me vurdere det.

**Spørsmål John Magne Oppdal:** Begrensa tal einingar på LNF spreidd?

**Svar OHS:** For LNF spreidd bustadareal er det opna opp for opp til maksimalt 4 bueiningar i nytt planforslag, vert det større enn dette er praksisen at det vert definert som eit bustadformål med krav om regulering.

**Spørsmål Tore Berg:** Det er bra at Viksdalen er definert som ein prioritert senter, særleg for framtida til skule og barnehage. Viktig å skjønne kva ein kommuneplan er, ingen kommuneplanar har skapt utvikling – men avgjort kvar det er enkelt, og kvar det er vanskeleg å utvikle – altså ramme for utvikling. Viktig at kommuneplanen differensierer mellom ulike område, noko ein ikkje kan sjå i dette planforslaget.

**Svar OHS:** Me kan differensiere, og kjem til å ha tette møter for å finne lokale løysingar. Dette er ein 1.generasjons plan, der me ikkje har hatt høve til å differensiere og har heller valt å starte med «like spelereglar», så vil ein ved neste rulling sjå på behovet for å differensiere på enkelte tema og område. Det er mykje arbeid å lage ein kommuneplan for 4 tidlegare kommunar

**Spørsmål Torstein Hatlestad:** Ynskjer ein gjennomgang av kva som er tatt inn og ut Viksdalen

**Svar OHS:** Tar opp digitalt plankart for å syne ulike areal. Stor oppgåve å få til ein ny plan, har måtte prioritere kva ein skal løyse i den fyrste versjonen av arealdel for Sunnfjord kommune. Kom med innspel om de meiner me har gløymt noko, eller vurdert feil.

**Kommentar/spørsmål Magnar Hellebust:** LNF spreidd. Våningshus og kårbustad. Nokre bu og driveplikt, andre ikkje. Kva om me ynskjer å skilje ifrå? Kommentar om at

før og etter funksjonen på heimesida fungerer dårleg på mobil og nettbrett. Omsynssoner som er lagt inn er ikkje god å forstå, og alt for omfattande/store. Eit næringsareal ved Lauvavatnet er ikkje vidareført i nytt planforslag. Feltet med LNF spreidd busetnad i Råheimsdalen er lite solrikt. Det er ikkje lagt inn gang- og sykkelsti i sentrum.

**Svar OHS:** Frådeling – utfordring mest knytt til jordlova. Næringsareal langs vatnet ligg i dag som LNF formål – viktig at det no seier ifrå om me har gjort noko feil, så skal me ta det til vurdering. Angående gang- og sykkelsti/skuleveg har ein ikkje lagt inn linjer i arealdelen, men er knytt føresegn til etablering av gang- og sykkelsti.

**Kommentar Rolf Råheim:** Er nærmaste nabo til Vikja. Landbruksareal i sentrum som no er avsett til sentrumsføremål er fulldyrka jord – feil å ta i bruk dette til utbygging. Det er 6,5 hus på nedsidan av fylkesvegen mot Gaula, men kunn ein person som bur der.

**Svar OHS:** Tas til orientering

## PAUSE (10 min)

### Del 2 - Moglegheitstudie for flaumsikring av Gaularvassdraget

**Jan Florø i NVE** orienterte om oppdraget med moglegheitstudie for Gaularvassdraget, og gav ordet vidare til konsulent som utarbeida rapporten.

**Thea C. Wang i Multiconsult AS** orienterte om innhaldet i moglegheitstudien, inkludert vurdering av ulike tiltak for flaumsikring av Gaularvassdraget.

Presentasjonen vert publisert, og rapporten er tilgjengeleg på kommunens nettsider.

### Del 2 – Spørsmål og diskusjon

**Spørsmål Per Magne Berg:** Tal bygningar som er flaumutsett. Kva er flaumhøgde er det som gjeld ved Viksdalsvatnet, verkar høgt og at for mange hus er antatt flaumutsett. Kor høgt/kote er 200 års flaum + klimapåslag 40 %?

**Svar Thea C. Wang (TCW):** Har tal på det, kan finne ut flaumsikker høgde i etterkant av diskusjon.

**Spørsmål Endre Råheim:** Busett mellom Haukedals- og Viksdalsvatnet. Tiltak ved utløpet til Haukedalsvatnet vil få negative konsekvensar for me som bur i Råheimsdalen, der me allereie i dag har utfordringar med flaum.

**Svar TCW:** Tiltak 1. Ja, dette tiltaket vil kunne få negative konsekvensar nedstraums.

**Spørsmål Tore Berg:** Kor vanleg er det å gjere slike rapport, for eit heilt vassdrag? Kost/nytte – luktar null alternativ (dagens situasjon) av rapporten. Korleis utvikle sentrum i Vikja med dette som grunnlag?

<p><b>Svar TCW:</b> Vanleg å sjå på meir lokale område, men veldig nyttig å sjå det i heilskap – byrjar å bli meir vanleg for større vassdrag, eks. Vosso. Mogleg å sjå på lokale område, om andre kost-nytte forhold, men denne moglegheitstudia har sett på heila vassdraget på eit overordna nivå.</p>
<p><b>Spørsmål Mathias Råheim:</b> Senking av Eikelandsfossen. Må i så fall gjere tiltak nedstraums, heilt ner til fjorden?</p>
<p><b>Svar TCW:</b> Ja, positiv for Hestafjorden og Viksdalsvatnet – men vil kunne få negativ konsekvensar nedstraums, som i andre tiltak.</p>
<p><b>Spørsmål Steinar Ness:</b> Senking av utløpet ved Haukedalsvatnet. Kor lågt kan vatnet renne?</p>
<p><b>Svar TCW:</b> Dette er noko som må bli vurdert om ein går vidare med eit av tiltak, altså sjå på minsteføring osv.</p>
<p><b>Spørsmål Atle Hoff:</b> Spørsmål til kost/nytte for tiltak 3 og 4.</p>
<p><b>Svar TCW:</b> Tiltak 3 er rimlegare enn tiltak 4. Krev mykje inngrep.</p>
<p><b>Kommentar Magnar Hellebust:</b> Gaula er eit langt og stort vassdrag. Store svingingar, og eit stort nedbørsfelt.</p>
<p><b>Svar TCW:</b> Gaularvassdraget er unikt. Skulle gjerne sett rimelegare tiltak, med færre negative konsekvensar.</p>
<p><b>Avslutning</b></p> <p><b>Kommunedirektøren:</b> Kjem stadig ny kunnskap – som betyr nye måtar å tenke på, der me må bruke denne slik at me gjer dei riktige vala for framtidig utvikling.</p> <p><b>Ordførar:</b> Takk til nærmiljørådet for jobben de gjer, og for at dykk har vert fasilitator for folkemøtet, samt orientering frå planavdelinga og NVE, inkludert konsulent. Og ikkje minst takk for godt oppmøte og gode spørsmål/diskusjonar. Oppmodar elles alle som har merknadar om å kome med innspel til arealdelen <u>innan 28.februar.</u></p>